# Vekeplan for 3. klasse veke 34

| | Måndag 21. august | Tysdag 22. august | Onsdag 23. august | Torsdag 24. august | Fredag 25. august |
|---|---|---|---|---|---|
| 08.30-09.30 | Samfunnsfag | KRLE gr 1<br>Engelsk gr 2 | Matematikk | Norsk | UTESKULE |
| 09.45-11.15 | Norsk | KRLE gr 2<br>Engelsk gr1 | TOPPTUR<br> | Matematikk | |
| 11.45-12.45 | Matte | Matte | | Musikk | Norsk |
| 13.00-14.00 | | | Kunst/Leik | | |
| | Slutt kl. 12.45 | Slutt kl. 12.45 | Slutt kl. 14.00 | Slutt kl. 12.45 | Slutt kl. 12.45 |

| Lekse til tysdag | Lekse til onsdag | Lekse til torsdag | Lekse til fredag |
|---|---|---|---|
| Norsk:<br>Gjer leseforståings-arket i lesemappa. Les teksten, og dei som vil kan gjere oppgåvene på baksida. | Førebu deg til topptur. | Les s. 12-13 i Salto 3a. Les måne eller soltekst. Les 3 gongar. Dei som vil kan også lese s.14. (Sjå leseark) | Førebu deg til tur i morgon. Sjekk værmeldinga, finn fram tursekk og kleda du treng. |

| MÅL | |
|---|---|
| Norsk | Lese setningar og forstå kva eg les.<br>Eg kan skrive setningar med stor bokstav og punktum. |
| Matte | Eg øver på plassverdisystemet og  partal og oddetal |
| Engelsk | Eksperimentere med å skrive ord og setninger. |
| Sosialt mål | Rekke opp handa når du treng hjelp, og vente på tur.<br>Få alle med i leiken. |
| Vekeord | |
| Tema | Vennskap |

## Informasjon til heimen

**Onsdag 23. august er det topptur til Storaskjenet.** Vi går til ulike turmål og samlar poeng. Det er viktig at elevane er kledd for å vere lenge ute. Det er også lurt med litt ekstra mat og drikke denne dagen, då mange blir veldig svolten etter alle turene.

**Bøker:** Elevane må ta bokbind på Salto 3A. I år vil vi ikkje at denne boka ligg heime, då vi treng den på skulen. Boka skal ligge i sekken.

**Transponder:** Vi ønskjer at de sender meldingar på Transponder innan kl.08.15. Etter undervisningstart er det ikkje alltid vi får tid til å sjekke Transponder.

**Klede:** Vi er ute både i friminutt og på uteskule. Det er viktig at elevane har klede å være ute i. Elevane må også ha bytetøy liggande på skulen.

**Innesko:** Alle elevane skal bruke innesko på skulen. Elevane må ta med så snart som mogleg.

**Chromebook:**
Alle elevane på 3. trinn får eigen chromebook. Denne skal førebels berre nyttast på skulen. Det kjem eige skriv om chromebook etter kvart. Fint om de føresette snakkar med borna dykkar om at Chormebooken er eit hjelpemiddel i skulekvardagen, det er ikkje ei maskin som skal spelast på eller gå på youtube.

**Lekse:**

| |
|---|
| Elevane vil også i år stort sett ha leselekser, i tillegg vil dei etterkvart få vekeord som dei skal øve på både heime og på skulen. Dei vil få heim eit leseark, der leseleksene vil stå, då er det lettare for oss lærarar å differensiere leseleksene. Der vil vi at de føresette signerer når dei har lese heime, så vil vi på skulen signere når dei les for oss vaksne her. Denne lesepermen må alltid ligge i sekken. |
| Telefon kontor 56122520<br>Kontaktlærarar:<br>Jannicke: jannicke.hoyland@oygarden.kommune.no<br>Heidi: heidi.angeltveit@oygarden.kommune.no |